

Dann deg eit bilete av mine skildrande former
Av det eg no skal fortelja deg
Som eit barn må du gløyme dagleglivets normer
Når eg og du saman tek første skritt på veg

Fyrst ein trekant
Deroppå ein firkant
Og på toppen ein sirkel
På sidan to rektangel
som stikk rett ut
midt på

Kompliserte matematiske former følgje må
Husk berre på, alt du har lært om pengar og makt
Berre slik oppnår denne skapnad si største prakt

Som dei til ein fugl me kjenner
Så liten, yndig, spesiell
Dandert med dei vakraste fargar
Mønster og liv på hell
Står og desse ut frå si årstid
Og lyser på eige vis

Av verdi for meg var det smil
Den finger som leika med mitt øyre
Røysta sa meir enn god dag
mann økseskaft slapp eg høyre

Ei form som eit barn kan skildre
Med glitter, slør og ekte magi
Langt meir enn det du kan lære
om modellering og økonomi

Desverre